



IDRETTSLAGET SOLID

Årsmelding for 2019

# Idrettslaget Solid

Side1

**IDRETTSLAGET SOLID** | Stifta 25. august 1945

Medlem av: Norges Idrettsforbund, Norges Fotballforbund, Norges Håndballforbund,  
Norges Svømmeforbund, Norges Gymnastikk og Turnforbund



**Årsmeldingsperiode: 01/04/2019 til 06/06/2020.**

Hovudstyret vart på forrige årsmøte valgt til å bestå av:

## Arbeidsutvalet:

Leiar	Karl Olav Gravdal
Nestleiar	Grethe Fadnes
Økonomi	Marianne Ankervold
Skrivar	Ragnhild Pedersen
Styremedlem	Britt Heidi Værøy
Styremedlem	Synnøve Otterli Aadland

## Gruppeleiarar:

Fotball	Torleif Værøy
Turn	Vegard Gundersen
Symjing	John Helland
Handball	Alfred Iitlabø
(Friidrett)	Geir Raudstein Aasheim

Styret i IL Solid har sidan forrige årsmøte bestått av elleve personar, samansatt arbeidsutvalet og gruppeleiarane. For gruppene sine respektive styre vert det vist til gruppene sine årsmeldingane.

Dei seks personane i arbeidsutvalet fungerer og som styre i Solidhuset Drift.



## Innleiing

Klubben har vore gjennom eit nytt år med mykje god aktivitet. Det vert vore gjort mykje godt arbeid i gruppene, både med daglege aktivitetar og ulike utfordringar som dukkar opp.

Me ønskjer at flest mogleg kan få ta del i aktivitetar prega av tryggleik, meistring og trivsel. Ei uventa utfordring som dukka opp mot slutten av årsmøteperioden er den pågåande koronapandemien. Denne gjorde at me måtte leggje mykje av dei planlagte aktivitetane på is, inkludert gjennomføringa av 'Vårens vakraste eventyr', Eat Move Sleep.

Sjølv om nokre aktivitetar no kan gjennomførast veit me framleis lite om korleis haustsesongen vil sjå ut, både sportsleg og sosialt. Som 75-årsjubilant ønskjer me mellom anna å gjennomføre ei flott jubileumsfeiring på seinsommaren, men med avstandskrav og begrensingar på antall deltakarar er dette vanskeleg å planleggje.

Me veit at idrett er særst viktig for mange, både som aktivitet og som arena for fellesskap, lek og sosialisering. Idrett handlar ikkje berre om motorikk, styrke, fart og spenst, men like mykje om samspel og utvikling av gode haldningar. Me håpar difor det ikkje er lenge før me på ny kan bidra til å skape gode, trygge og utviklande møteplassar for innbyggjarane i nærområdet.

Første milepæle framover er byggjinga av den nye ungdomsskule på Nysæter. Treningsbasseng, klatrehall og basishall er framleis berre opsjonar, men når kostnadane no byrjar bli klare så håpar og trur me desse vert innfridd, slik at me får den aktivitetsarenaen klubben og bygda treng.



## Medlemstal

IL Solid har 7 æresmedlem. Disse er: Geir Eriksen, Kurt Grundvold, Arne Vikanes, Sverre Vinje, Asbjørn Møllestrand, Jan Terje Alsaker og Grethe Fadnes.

Idrettslaget sine aktive medlem er fordelt slik i alder:

Aktivitetstall Idrettslaget Solid per 31.12.2019

Alder	0-5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	Over 26	Totalt
Aktivitetstall IL Solid 2015	18	231	111	22	199	581
Aktivitetstal IL Solid 2016	19	240	148	36	186	629
Aktivitetstal IL Solid 2017	30	266	106	19	121	660
Aktivitetstal IL Solid 2018	53	300	105	15	168	641
<b>Aktivitetstal IL Solid 2019</b>	<b>68</b>	<b>291</b>	<b>94</b>	<b>8</b>	<b>210</b>	<b>671</b>

Medlemstallet har gått noko opp frå i fjor, mykje grunna vekst i symjegruppa og god deltaking i turngruppa sine aktiviteter. I fotballgruppa er det diverre framleis ein nedgang i medlemstallet, men det vert jobba med ulike tiltak for å prøve å snu den negative trenden.

Me er framleis uroa over at det er så mange færre medlem i gruppa 13-19 enn i 6-12, noko som tyder på at me ikkje har eit godt nok tilbod for ungdommane. Her trur me at gode fasilitetar på Nysæter kan bidra til å redusere fråfallet, så det er viktig for oss å jobbe vidare med å få eit til eit best mogleg anlegg.

## Kursverksemd

Hovedstyret ynskjer framleis å satsa på utdanning av trenarar o.l., og har satt av midlar til dette i balansen, slik at gruppene framleis kan søkja om støtte til utdanning.

Gruppene vert framleis oppmoda om å ta desse midlane i bruk.

## Sportsleg

Informasjon om dei sportslege prestasjonene i idrettslaget vert det henvist til årsmeldingene til dei ulike gruppene.



## Prosjekt

Det viktigaste, store prosjektet for IL Solid har og det siste året vore knytta til den nye skulen på Nysæter. I juni 2019 vart det vedtatt av kommunestyret at basishall, 25m-basseng og klatrehall vert opsjonar, men at basishallen må finansierast av IL Solid og eventuelt andre aktørar. Me er veldig glade for at Sparebanken Vest ønskjer å bidra med ein million, men skulle helst og hatt stønad frå andre aktørar, slik at me klarar å realisert klatrehallen utan at det går for mykje ut over eigenkapitalen til klubben.

Hovedstyret har og jobba med fleire andre, mindre, men viktige prosjekt. Mellom anna har det vore arrangert felles styreseminar og årsmiddag der alle med styreverv i dei ulike gruppene vart inviterte. I tillegg var representantar frå alle gruppene med på den faglege og sosiale turen til Stavanger i mars.

## Økonomi

Økonomien i klubben er god og stabil, noko som gjev klubben rom til å drive utviklingsarbeid. Hovedinntekta til hovedstyret er inntekter frå grasrotmidlar, noko me framleis er største mottakar av i kommunen.

Ei anna viktig inntektskjelde for hovedlaget er vanlegvis den årlege basaren. I 2019 vart denne arrangert som planlagt.

Me veit koronapandemien vil gjere utslag på økonomien for 2020, men i utgangspunktet bør klubben ha eigenkapital nok til å klare seg gjennom krisa, sjølv om me går inn med pengar i Nysæter-prosjektet og eventuelt ei oppussing av Solidhuset.

### Økonomiske nøkkeltal 2019 - Idrettslaget

Gruppe/ avdeling	Inntekter	Utgifter	Resultat	Eigenkapital
Administrasjon	897 664	441 766	455 898	2 852 236
Symjegruppa	492 433	523 384	-30 951	327 335
Fotballgruppa	2 380 796	2 026 154	354 642	3 654 561
Handballgruppa	17 663	10 044	7 619	61 114
Turngruppa	108 813	50 396	58 416	220 377
Fríidrettsgruppa	1 140	0	1 140	3 770
<b>Sum balanse</b>	<b>3 898 509</b>	<b>3 051 744</b>	<b>846 764</b>	<b>7 119 393</b>

### Økonomiske nøkkeltal 2018 - Solidhuset drift

Gruppe/avdeling	Inntekter	Utgifter	Resultat	Eigenkapital
Solidhuset drift	910 042	945 966	-35 924	117 194

For detaljerte tal, sjå gruppene sine årsrekneskap.

Sjølv om klubben jobbar godt med å ha gode økonomirutinar fekk me i forrige årsmøteperiode ein del merknadar frå revisor. Å ordne opp i desse har vore ein viktig jobb i 2019, men me framleis ikkje heilt i mål. Dette vert det jobba vidare med i 2020.



## Solidhuset Drift

Rita Tranøy jobbar framleis godt med drifta av Solidhuset drift, men høge kostnader til straum, samt svikt i marknaden gjer at Solidhuset drift har enda eit år med negativt resultat. Rita og styret har vore i dialog med Stiftinga Solidhuset om ei generell oppussing/oppfrisking av lokala, men koronapandemien, samt det økonomiske bidraget til ny basishall gjer at dette lar vente på seg.

Me er glade for det Rita og Grete for gjer for Solidhuset og takkar dei innsatsen!

## Anlegg

Klubben har framleis stort fokus på å få kommunen til å byggje ny ungdomsskule, med tilhøyrande 25m basseng, basishall, klatrehall, handballhall, kulturareal og møteplass. Dette vil vera eit løft for både klubben og bygda, noko me trur kan auke deltakinga og medlemstalet både i IL Solid og hos andre aktørar som nyttar skulen etter skuletid.

Eit slikt anlegg vil gje rom for nye aktivitetar, og auka aktivitet, mellom anna for turngruppa. Me jobbar for å gjera dette til det nye store treffpunktet i bygda, og legg vekt på allsidig bruk når det gjeld organisert og uorganisert aktivitet, både innan idrett og kultur. Me har gått breidt ut for å invitera med alle lag og organisasjonar i bygda, og me møter mange godord for planane våre i bygda. Sjølv om me møter mykje motbør i administrasjon og blant politikarar, håpar me framleis å kunne realisera eit nytt samlingspunkt i bygda.

Truleg vil det bli fastsatt før sommarferien kva som vert inkludert i prosjektet og me gler oss til å fokusere på aktivitetar og ikkje verre anlegg.

## Avslutning

IL Solid jobbar for at flest mogleg barn og unge får ta del i aktivitetar prega av tryggleik, meistring og trivsel, der idrett er den viktigaste samlingsfaktoren.

Dei siste åra har visjonen til idrettslaget vore: REIN GLEDE! Me gjer vårt for å leve etter denne, både på og utanfor idrettsanlegga.

I tillegg til å vera eit idrettslag er nemleg IL Solid ein viktig samfunnsaktør som jobbar godt i tråd med både visjonen og verdiane våre:

**«Respekt, rettferd, engasjement og inkludering»**

Solid



REIN GLEDE

# IDRETTSLAGET SOLID

Det er nemleg ikkje berre innan idrett at Solid bidreg. Klubben er mellom anna medarrangør av Fest i Vest, deltakar i Pride-paraden på Leirvik og samlar inn pengar til gode formål gjennom Solid Aid. Idrettslaget ønskjer å skape både engasjement, møteplassar og gode fellesskap, noko me jobbar vidare med i tida som kjem.

Utan alle dei frivillige som bidrar med tusenvis av dugnadstimar kvart år hadde det ikkje vore grunnlag for å driva idrettslaget. Stor takk til alle desse!

Styret vil og retta ei stor takk til gruppene sine sponsorar for god støtte.

For styret  
Idrettslaget Solid

Karl Olav Gravdal  
Styreleiar